

LANDBRUKS- KONFERANSEN

Landbruket inn i framtida

Mat og matjord – makt og avmakt

18. mars 2019
Clarion Hotel Stavanger

Foto: Tonje Fjermestad Aase



Fylkesmannen i Rogaland



ROGALAND BONDELAG



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE


agrovisjon



SAMARBEIDSRÅDET
for landbruksorganisasjonene
i Rogaland

NHO





**LANDBRUKS-
KONFERANSEN**
Landbruket inn i framtida

Mat og matjord – makt og avmakt

18. mars 2019, Clarion hotel Stavanger

Landbruket er ein av dei viktigaste verdiskaparane i Rogaland. På lang sikt truleg den viktigaste. Ei politisk næring med tollvern og eigen næringsavtale, men òg ei næring der media- og forbrukarmakta blir stadig sterkare premissleverandørar. Det avgjerande ressursgrunnlaget, matjorda, er under stadig press og politisk dragkamp. Midt i det heile står bøndene sjølve. Det handlar om makt og avmakt.

Etter deltaking på denne landbrukskonferansen går du heim litt klokare.


08.30	Registrering og servering av te, kaffi og noko å bite i
	Møteleiar: Harald Birkevold
09.00	Velkomen ved Solveig Ege Tengesdal, fylkesordfører
Forbrukartrender og verdiskaping	
09.10	Presentasjon av ny verdiskapingsrapport for landbruket og landbruksindustrien Marit Epletveit, leiar i Rogaland Bondelag, Tone Grindland, regiondirektør i NHO Rogaland og Eirin Sund, distriktssekretær i LO Rogaland
09.50	Utdeling av Heidersprisen for landbruket i Rogaland Geir Skadberg, styreleiar i Rogaland landbruksselskap
10:00	Pause
10.20	Forbrukartrender i 2019 – forbrukarane sitt forhold til mat og matproduksjon Sunneva Kilsti, partner og seniorrådgjevar i Opinion
10.50	Korleis kan bonden skapa verdiar ved å spele på lag med forbrukarane? Samtale mellom: forbrukarrepresentant Sunneva Kilsti, bonde Ingve B. Berntsen, bonde Hilde Løge og regiondirektør i Coop Dag Ove Aksland
11.30	Lunsj
12.30	Media si rolle i utviklinga av landbruket Kjetil Alstadheim, politisk redaktør i Dagens Næringsliv
Verdien av matjorda - for samfunnet og bonden	
13.00	Verdien av matjorda – i eit samfunnsøkonomisk perspektiv Klaus Mohn, professor ved Handelshøgskolen ved UiS
13.20	Jordvernomsyn i lokalplanlegging og politikk Heidi Vinge, sosiolog og forskar ved RURALIS
13.40	Jordvernstrategi og regionalt jordvernmål Christine Haver, regionalplansjef i Rogaland fylkeskommune
13.55	Pause
14.15	Min arbeidsplass, min arv og utbyggingsspøkelse Georg Fredrik Ueland, framtidas bonde og medeigar, gründer og produktutviklar i Nyyt
14.30	Når er det rett å bygge ned landbruksjord? Samtale mellom bonde Marit Epletveit, ordfører i Sola Ole Ueland, ordfører i Sandnes Stanley Wirak, forskar Heidi Vinge og planleggingsleiar i Statens Vegvesen Torunn Lynnebakken
15.20	Oppsummering Harald Birkevold, Stavanger Aftenblad
15.30	Slutt

Harald Birkevold

Kommentator og journalist i Stavanger Aftenblad, kor han og er restaurantanmeldar. Han har ein interesse for landbruket og blei kåra til årets bondevenn i 2016. Har og hatt ein «verkeleg» jobb i oljå.

**Tone Grindland**

Regiondirektør i NHO Rogaland frå 2018. Ho kjem frå stillinga som næringssejef i Stavanger kommune. Tidlegare har ho jobba for Greater Stavanger og Stavangerregionen sitt Europakontor i Brussel og i Rogaland.

**Marit Epletveit**

Er leiar av Rogaland Bonde- lag og mjølkebonde frå Gjesdal. Driv i tillegg maskinstasjon.

Sunneva Kilsti

Er partner og seniorrådgjevar i Opinion, der ho jobbar med forbrukarinnsett og forretningsutvikling. Ho har brei erfaring med utvikling av produkt og konsept innan mat og drikke, og fungerer som rådgjevar på forbrukartrendar.

**Eirin Sund**

Er idistriktssekretær i LO Rogaland. Har i ei årrekke vore politiskar for AP. Ho har vore på Stortinget i mange år. Tidlegare var Eirin fylkesvaraordførar i Rogaland og varaordførar i Gjesdal kommune. Har og jobba som politisk rådgjevar og statssekretær.

**Ingve Berntsen**

Er bonde og lokalmatprodusent, under namnet "Fjordvegarden". Han driv spesialisert ammeku- og storfekjøttproduksjon, basert på den bevaringsverdige storferasen "Vestlandsk Fjordfe". Kåra til "Årets unge bonde 2016".

**Dag Ove Aksland**

Regiondirektør i Coop Norge SA. Frå før har han hatt ulike roller mellom anna i Prior Rogaland Egglag og Ringnes AS. Han er opptatt av at kundar i Coop sine butikkar skal få velgje frå eit variert og spennande sortiment.

**Hilde Løge**

Driv Midtjord gård og er tilsett i Vekstmiljø AS. På garden har dei frilandsgrønnsaker og sjølvplukk av sukkermais. Har og opna garden for vitjing av barnehagar og SFO.

Klaus Mohn

Er i dag professor i petroleumsøkonomi på Handelshøgskolen ved UiS. Han vil frå august 2019 tiltre stillinga som rektor ved UiS. Mohn er m.a. utdanna samfunnsøkonom og har ein doktorgrad frå UiS. Han har tidlegare vore forskar og hatt ulike stillingar innan økonomi, finans, strategi og kommunikasjon.

**Kjetil B. Alstadheim**

er politisk redaktør i Dagens Næringsliv. Han har tidlegare vore journalist i Klassekampen og Aftenposten. På 80 talet var han dagleg leiar i Natur og ungdom. Har fått diverse prisar, mellom anna NTBs språkpris.

**Christine Haver**

er regionalplansjef i Rogaland fylkeskommune. Tidlegare var ho plankoordinator hos Fylkesmannen i Rogaland. Ho har og jobba mange år som advokat i Stavanger.

Foto: Jeanette Larsen

**Heidi Vinge**

Er sosiolog og forskar ved RURALIS. Ho fullfører no ei doktorgradsavhandling ved Institutt for sosiologi og statsvitenskap, NTNU. Avhandlinga har tittelen «Boliger, infrastruktur eller matproduksjon? Diskurser om matjord i byenes randsoner.»

Ole Ueland

Er ordfører i Sola kommune. Det har han vore sidan 2011. Til valet i 2019 stiller Ueland som Høgre sin fylkesordførarkandidat i Rogaland. Han har mellom anna jobba som politisk rådgjevar for tidlegare ordførar i Stavanger.



Georg-Fredrik Ueland

Er medeiger, gründer og produktutviklar i Nytt AS som er ei familiebedrift. Han har 20 års erfaring innan kjøttbransjen. Han har og dreve heimegarden på Ueland.



Foto: Jacob's - Hans Fr. Asbjørnsen

Stanley Wirak

Har vore ordfører i Sandnes sidan 2011 og stiller igjen som ordførarkandidat til valet i 2019. Han representerer AP. Wirak er utdanna siviløkonom og har jobba mellom anna i Statoil.



Foto: Tom Haga

Torunn Lynnebakken

Er planleggingsleiar for nye E39 Lyngdal vest-Sandnes i Statens Vegvesen. Er utdanna biolog og har jobba med areal- og miljøutgreiingar, planlegging og prosjektutvikling i offentlege og private verksemdar med vekt på energi- og samferdselstiltak.



Foto: Midtjord gård

Velkommen til årets landbrukskonferanse i Rogaland

Målgruppe

Folkevalde i kommunane og fylkeskommunen, bønder og representantar for bondeorganisasjonar, tilsette i kommunal-, regional- og statleg landbruksforvaltning, næringar knytt til landbruket og elles alle med interesse for landbruk og landbrukspolitikk.

Praktiske opplysningar

Tid og stad

18. mars 2019 kl 9.00 til 15.30. Registrering og noko å bita i frå kl 8.30.

Konferansen vert arrangert på Clarion Hotel Stavanger, Arne Rettedals gate 14, 4008 Stavanger.

Påmelding

Frist for påmelding er 7. mars på www.fylkesmannen.no/rogaland i menyen kurs og konferansar under Landbruk og mat. Påmelding er heilt bindande etter 11. mars. Konferanseavgift blir fakturert i etterkant på grunnlag av påmeldinga. Me tek atterhald om endringar i programmet.

Pris

Konferanseavgifta er sett til kr 950,-.

Parkering

St. Olav parkeringshus. Innkøyring frå Løkkeveien, Knut Holmsgate og Olav V's gate. Næraste buss-stopp for flybussen er Radisson Blu Atlantic hotel ved Breiavannet.

Offentleg transport

Fem minutt til fots frå jernbanestasjonen og bussterminalen. Avstand til fiskepiren 1 km.

Kontaktpersonar:

Bente Espedal Halvorsen, e-post: fmrobeh@fylkesmannen.no telefon: 51568996

Karen Beate Grimstad, e-post: fmrokbg@fylkesmannen.no telefon: 51568940